



Joar Åsnes
Dalemarka 63b
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7243 - 22/84436

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
07.11.2022


Svar på spørsmål om vegrett til bustad - gbnr 321/103 Dale nedre

Alver kommune viser til din førespurnad datert 05.10.2022 som gjeld avklaring av vegrett til bustad på gbnr 321/103 med adresse Dalemarka 63 B.


Det vart i vedtak datert 02.03.2004 godkjend oppført tomannsbustad på eigedomen gbnr 21/86 (no 321/86). Hordaland Invest AS søkte 03.12.2004 om deling av eigedomen. I søknaden ligg det ved kart, signert av sækjar, som viser korleis eigedomen skal delast og at parsell B (gbnr 321/103) skal ha køyrbar vegrett over parsell A (gbnr. 321/86). Avtalen er ikkje tinglyst. Eigedomen vart godkjend delt i vedtak datert 13.12.2004.

Det går fram av dokument i saka at det har vore nødvendig å innhenta vegrett slik vist på kart då tilkomst ikkje kan skje over tilgrensande areal som er avsett til felles leikeareal.


Kommunen sitt kartgrunnlag



Kart vedlagt søknaden



Plankart



Ein avtale om vegrett vil vera gyldig uansett om han er tinglyst eller ikkje. Dersom det er konflikt rundt vegretten er dette eit privatrettsleg forhold som partane sjølv må løysa seg imellom, eventuelt må vegretten avklarast gjennom rettsapparatet.

Vedlagt følgjer søknad om deling av gbnr 321/86 med kart, delingsvedtak og målebrevskart.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om deling - gbnr 321-86
Delingsvedtak - gbnr 321-86
Målebrev etter deling - gbnr 321-86 og 321-103

Mottakarar:

Joar Åsnes

Dalemarka 63b

5918

FREKHAUG